

TEMA: Byggjeskikken ①115, Våre henders Verk ④410
KART: ④440

Arna

Røykstova på Arnatveit er eitt av dei få sikre mellomalderbygg i fjordbygdene. Dendrokronologisk datering (teljing av år-ringar) plasserer denne stova på slutten av 1400-talet. Den midtstilte inngangsdøra er prydd som ein inngangsportal, med mellomalderens dekorative markering på avbladinga der tømmerstokkane er «beita» inn i beitskiene på kvar side av dørøpinga. Idag står stova åleine i tunet, ved sida av eit nyare våningshus. Tidlegare var denne røykstova bygd saman med ei glasstove som vart riven for ein del år sidan; ein klassisk bygningstype på Vestlandet.

Den grindbygde løa på garden er også ein klassisk vestlandskonstruksjon. Denne løa vart bygd i 1900. Då vart ho flytt frå ein annan stad i tunet, truleg i samband med utskiftinga av det gamle fellestunet. Brakekledningen i nordgavlen er gammal. Nils Arnatveit (1881-1972) fortalde at då dei bygde løa, løyste dei frå heile brakeveggen på gamleløa og flytta han over på den nye. Han meinte at denne brakekledningen måtte vera nærare 150 år; ein av dei eldste eksisterande brakevegger vi veit om. □

På garden ARNATVEIT, bøgt oppe i bakkehellet ovanfor riksvegen, står det att ei gamal røykstove i tunet på hovudbruket, der det gamle fellestunet låg. Idag ligg denne garden i utkanten av eit stort bustadfelt. Mesteparten av innmarka på dei andre bruka er seld for å støtta storbyens trong for tomteareal i den nye bydelen Arna.



Røykstova ber spor etter kroting innvendig, med store sirkclar og siksak-mønster på tre stokkar heile stova rundt (④414). Stova vart freda i 1996.

GARNES STASJON

Garnes stasjon var frå opninga av Vøssabanen også endestasjon for lokaltrafikken til Bergen. Stasjonen er difor bygd med lokomotivstall, vognhall, dreieskive og godshus. Garnes er eit eksempel på ein intakt jernbanestasjon frå 1930-åra. Lokomotivstallen vart bygd i 1904 og vognhallen i 1881 etter BALTHAZAR LANGES teikningar. Ny stasjonsbygning vart bygd i 1919, teikna av Gerhard Fischer, etter at den første stasjonsbygninga brann. Norsk Jernbaneklubbs avdeling i Bergen har restaurert stasjonsanlegget og vognmateriellet og etablert ei veteranoglinje mellom Garnes og Nesttun stasjon.



Garnes stasjon.

POSTVEGEN TIL CHRISTIANIA

Dei faste postrutene som statthaldar HANNIBAL SEHESTED skipa i 1647, på kongeleg forordning, vart lagde til gamle og velkjende vegar mellom landsdelene frå mellomalder og forhistorisk tid. Vegen frå Bergen til det austafjelske gjekk over BORGASKARET til BORGE og LONE i Arna, vidare om TUNES og inn Sørfjorden med båt til DALEBRYGGJA og DALE, så inn Bolstadfjorden og til Voss og vidare til Gudvangen og Lærdal (④424). Dette var allfarvegen, tjodvegen, som det heiter i Gulatingslova, alt for 1000-talet. Vegen er ein av dei eldste ut frå Bergen, og vi finn han omtala i sagalitteraturen. I EIRSPENNIL står det at HÅKON JARL i 1206 rømde straks frå byen då han hørde at baglarane var på veg nordetter. «Han fór opp om Borgaskardet og ned til Osterfjorden, så nord om Raudafjell».

Mellom 1780 og 1804 vart postvegane bygde om til kjørevegar,

under leiing av postinspektør JENS SCHANCHE og generalvegmeister GEORG VON KROGH. Vegen over Borgaskaret var for krevjande, og i 1783 vart postvegen til Christiania lagd om NATLAND, GRIMO og LANGEDALEN til Indre Arna og Tunes. Men heilt fram til Vøssabanen opna i 1883 bar bøndene i Arna mjølk og andre varer på ryggen over Borgaskaret til Bergen.

I 1780-åra vart også postsambandet mellom Bergen og Stavanger teke opp att; det hadde lege nede sidan 1690. Vegen sørover tok av frå Christianiavegen ved MIDTTUN – her står enno steinbrua – og gjekk over KYRKJEBYRKJELAND og SANDVEN til HATVIK. Desse gardane var også postgardar og skysskifte (④424). I 1648 var det også kome ei forordning om skysskifte og gjestgjevarstader, og desse var mange stader samanfalande med postrutene.